

AUSTEVOLL KOMMUNE
Kommunehuset
5392 STOREBØDato: 16.09.2016
Vår ref.: 2016/5547-6
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Att. Stina Nordbak, John Tveit

Oversending av fråsegn til offentlig høyring av kommunedelplan for kulturminne 2016-2028, Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune viser til framlegg til kommunedelplan for kulturminne 2016-2028, Austevoll kommune som er på høyring, motteke her 06.06.2016 med frist 01.08.2016. Vi viser vidare til brev frå kommunen av 28.07.2016 med forlange frist slik at saka kunne handsamast av politisk utval i fylkeskommunen. Saka er handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 14.09.2016.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Kommunedelplan for kulturminne for Austevoll 2016-2028 er eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminne i Austevoll kommune.
2. Austevoll kommune bør ha særleg merksemd på dei kulturminna som er knytte til førhistorie, kystkultur og fiskeri, landbruk og samferdsle.
3. Planen treng nokre mindre endringar på struktur og presentasjon for å bli eit godt plandokument for styring og utvikling av kulturminnevernet i kommunen og i formidlinga av viktige kulturminne.
4. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Austevoll. Tiltak i handlingsplanen bør konkretiserast med kven som har ansvar for oppfølging, kostnad, finansiering, framdrift og samarbeidspartnarar.
5. Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kulturminnefagleg rådgjeving for private eigarar og lokal handverkarar.

Saksframlegg og protokoll for sak PS 112/2016 frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling 14.09.2016 er lagt ved.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 1 Saksframlegg
- 2 Saksprotokoll